

**KONTROLLUTVALET I  
SYKKYLVEN KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 05.01.2012, kl.14.00

Møtestad: formannskapsalen

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Sigmund Valbø, Grethe Mølseth, Anita Søvik  
=4 voterande

Ole Bjørn Roald møtte ikkje.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.  
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei.

Frå Sykkylven kommune møtte ordførar Petter Lyshol og rådmann Ole JohanLillestøl.

Det kom ikkje fram merknader til innkallinga eller sakliste.

**SAK 01/12**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 03.11.2011**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 03.11.2011 blir godkjent.

**SAK 02/12**

**ORIENTERING OM ROBEK - REGISTERET**

Saksdokument datert 22.12.2011 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

## **SAK 03/11**

### **OPPMÅLING OG BYGGESAK**

Saksdokument datert 22.12.2011 frå kontrollutvalsekretariatet

Av orienteringa frå rådmannen kom det fram at det var lange køar og overskriding av fristar vedkomande byggesaksbehandling. Av 227 byggesøknader i 2010 var 66 ikkje behandla ved årets slutt. Tap av gebyr som følgje av overskriding av fristar var vekslande frå år til år. Tapet vart stipulert til om lag 22000 kroner i 2009 og om lag 1000 kroner i 2010.

Den nye plan-og bygningslova krev meir ressursar til tilsyn og 1 saksbehandlar på byggesak er for lite meinte rådmannen. Sjølvkostprinsippet som skal gjelde for byggesaksbehandling skulle gje grunnlag for å finansiere slik saksbehandling. Ordførar som også var tilstades opplyste at det i enkelte høve kunne ta eit år før svar vart gitt. Han ga vidare uttrykk for at det måtte ordnast opp i form av auka kapasitet.

Det vart ikkje konkretisert nokon dato for auke i stilling.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering og vil følgje opp saka i neste møte.

## **04/12**

### **TENESTE FOR UNGDOM VED HELSESTASJON**

Problemstillinga var om kommunen har betalt for ei teneste som ikkje er motteken.

Rådmannen opplyste at det var lite pasientar og at denne tenesta ikkje hadde gått seg til. Den økonomiske sida hadde han liten kjennskap til. Han opplyste vidare at det blir arbeid med å lage ny avtale for tenesta.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering og avventar ny avtale.

## **SAK 05/12**

### **AVTALE OM DRIFTSTILSKOT VETERINÆRAR**

Saksdokument datert 22.12.2011 med vedlegg.

Problemstillinga var om kommunestyret sitt vedtak om veterinærtjenestene var oppfylt med ein veterinær i Stranda kommune og ein i Sykkylven kommune. Rådmannen ga uttrykk for at det ikkje var mulig å praktisere buplikt, men presiserte at det skal vere vaktstasjon i Sykkylven kommune i arbeidstida. Utanom arbeidstid gjeld beredskapstenesta. Rådmannen fortalte at kommunen var avhengig av tilbakemeldingar frå brukarane og at ordninga var vanskeleg å evaluere etter so kort tid.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 06/12**

**ØKONOMISK INFORMASJON OM TAP VEDKOMANDE  
GJELDSFORVALTNINGA I SYKKYLVEN KOMMUNE**

Rådmannen opplyste at tapet på gjeldsforvaltninga i 2011 pr. 19.11.2011/31.12.2011 var på 16.764.353 og at meirforbruket i rekneskapen for 2011 låg an til å bli på 7,1 mill. kroner.

Odd Jostein Drotninghaug  
leiar  
(sign.)

Sigmund Valbø  
nestleiar  
(sign.)

Grethe Melseth  
medlem  
(sign.)

Anita Søvik  
medlem  
(sign.)